



Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As  
Fotlandsvegen 39  
5282 LONEVÅG

Referanser:

Dykkar: Ref.:5WMJ4U-  
Skjemanr.:5061  
Vår: 21/10619 - 23/1622

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad  
  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

06.01.2023

## Foreløpig svar på ferdigmelding - Oljeutskiller - gbnr 322/278 Mjåtveit

**Tiltak:** Søknad om ferdigmelding – Olje utskiljar  
**Byggjestad:** Rosslandsvegen 380 – Gbnr 322/278  
**Tiltakshavar:** Rosslandsvegen 380 AS  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigmelding av olje utskiljar ved Rosslandsvegen 380 – Gbnr 322/278.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Innsendt tømmeavtale er ikkje signert av tømmeoperatør. Vi gjer merksam på at kommunen i vedtaksløyve har sett krav om at avtale skal være signert av begge partar.
2. I avtale som er sendt inn er det opplyst om at det skal takast 1 vassprøve av anlegg per år. I gitte vedtaksløyve har kommunen satt krav til 2 vassprøver per år.

Krav om 2 vassprøver per år for anlegg er satt fordi anlegg skal ha utslepp til overvassnett som igjen har utslepp til eit svært sårbart område. Overvassnett har utslepp til eit området der ein har bekk med elvemusling (utryddingstrua art). Grunna elvemuslingen er det sett krav om minimum 2 analyseprøver av utsleppsvatn per år.  
Vi ber om at avtale vert retta.

3. Det må sendast inn innmålingsdata for anlegg og leidningsnett heilt fram til tilknytingspunktet på leidningsnett som er etablert i vegen inn til området.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.02.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Rosslandsvegen 380 As

Kattuglebrotet 36 5099

Bergen

### **Mottakarar:**

Mjelstad Og Stokke  
Rørleggerforretning As

Fotlandsvegen 5282  
39

LONEVÅG